

Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



Foto: Marit Skredegård, Gol

Rad 1 fra venstre:

Thelma Berg, Synne Halle, Henriette Kirkeengen, prest Berit Kristin Klevmoen, Ingrid Skrindsrud Riste,
Anne Skrindsrud Riste, Ane Kirkeengen Bergheim

Rad 2 fra venstre:

Linn-Beate Bjella Jordet, Ida Lium Solhaug, Tone Myrvang, Magnus Bjørkheim Moe, Odin Nyhagen


Rad 3 fra venstre:

Oskar Bergheim, Dennis Røn-Johannesen, Vetle Røn, Jørgen Røtterud Grythe, Knut Follinglo Haugrud

Rad 4 fra venstre:

Samuel Martin Groth, Eskil Hjellebråten Rødningen, Petter Røtterud Grythe, Oddmund Johme

Ragnhild Berglid, konfirmert i Høre stavkyrkje, er ikkje med på biletet.






Pilegrimsmesse 30.juni

«For i han er det vi lever og rører oss og er til» (Apg 17.28)
Ein sumar er over – mykje har skjedd.
Her kjem nokre glimt






**«La småborna koma til meg
og hindra dei ikkje! For
Guds rike høyrer slike til»**



Tor Arne
Tjernslien med
spanande funn



Dåp på Mo 25. juli til flott musikk av Frida Leanne Rogn Hamre og Marit Garvik. Dåp på Syndinstøga 8. august til musikk av Ola Kvamme Nygård.



Olsok i stavkyrkja

Ukjent soldat? Fotfolk? Dei som arbeider i kulissane? Alle er viktige for å få det heile til å gå ihop, litt ære skal de få her!



Elin Bergset Håkerud og Line Neståker Kårstad er medlemmar i Lomen sokneråd og stiller som kyrkjevertar under konfirmasjonen i Lomen.



Are på si siste messe i Slidredomen for denne gong, han er sakna som kantor og kollega!



Marianne og Ole Tuvmarken kan brukast til det meste! Marianne er leiar for kyrkjeleg fellesråd og er ikkje redd for andre oppgåver; Ole er med og lyfter musikken fram, mellom anna på konfirmasjonane i haust.



Safet Vladovic er travel ved så og seja alle gudstenester i Vestre Slidre!



Kyrkjeleg fellesråd har befaring ved alle kyrkjene i juni kvart år. Her får me lunsj ved stavkyrkja i Lomisbygdn.



Henning Andersen var organistvikar på konfirmasjonane i Slidre og Røn

St Peter – han med nyklane til perleporten og det gyldne evangelium

29. juni er frå gammalt kalla **Persok** eller **Petersmessse** til minne om apostelen Peter. På primstaven er dagen ofte merkt med ein nykkel.

Peter, tidlegare fiskar, var ein av Jesu tolv lærersveinar. Som helgen vert han ofte framstilt med to nyklar til himmelriket. Ein annan attributt er hanen, som han skaffa seg skjærtorsdagsnatta etter hardnakka å ha nekta all kjennskap til Jesus – og først kom til seg sjølv att då hanen gol.

Dei fire evangelistane har framstilt Peter som ein fargerik person med heitt temperament, framfus, innbilsk og lunefull, jamvel med voldelege tendensar. Han klappar saman under press og sovnar på jobb (Getsemanehagen). I det heile er han full av eigenskapar ein audmjuk og truande kristen ikkje skulle ha. Han er den av disiplane som minner mest om oss sjølve. Vi ser kor menneskeleg han er, og korleis livet hans går opp og ned, høgt opp i skyene – eller heilt ned på botnen. Desse svake sidene hans gjer det lett å identifisere seg med han.

Samstundes kjem det til syne ein mann med stor kraft. Han var alltid i nærleiken av Jesus, fekk ein sentral posisjon blant disiplane og vart ein mektig apostel og hovudperson i den første kristne kyrkjelyden.

NYKELMAKTA er eit teologisk omgrep som for det meste handlar om den statusen Peter hadde i disippelflokken, og som etterfylgjarane hans i pavestolen fekk, ettersom den katolske kyrkja har halde Peter for å vera den første biskopen i Roma. Det heng direkte saman med Jesu ord til Simon (Peter) i Matt. 16, 13 – 20, der det mellom anna står:

– *Du er Peter og på dette berget vil eg byggje mi kyrkje. Eg vil gje deg nyklane til himmelriket; det du bind på jorda skal vera bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen.*

Vi skjønar at Peter no er tilgjeven, og at Jesus heile tida har visst kva slags kar han eigentleg har hatt med å gjera.

DET GYLDNE EVANGELIUM – LEGENDE

– er ei bok om **Vårherre og St. Peter då dei vandra omkring på jorda**.

Gabriel Scott er forfattaren og fortel i både humoristisk og alvorleg stil **om** kvifor dei høge herrane kom på tanken om eit slikt prosjekt.

Vi kjem inn til himmelriket seit ein kveld, der englane syng, smiler og talar velnøgde med kvarandre, medan småenglane fyk rundt, fniser og ler, Dei skal visst til sengs, men det er så mykje å finne på, så stas å vera oppe og dagen har vore så morosam!



Overrekelse av nyklane.

Så møter vi **St. Peter**, og han kjenner vi straks att. Han er i dårleg humør og skjenner på småenglane, hysjar på dei store og er misnøgd med **Vårherre** som har gått og lagt seg...


St. Peter har mykje å stri med. Han er sliten og lei av alt maset her; ulydige englar og eit stadig renn av utålmodige sjeler som står utanfor og vil presse seg inn – midt på natta attpåtil!

For å få litt orden har han med mykje strev skrive ein plakat med opningstider for himmelporten, og den skal hengast opp no! Ein paraply er alt sett fram i ei krå utanfor i tilfelle regn...

Siste tida har han funne ut at det ikkje står heilt bra til nede på jorda heller, det er krig og ufred, – og sjølve skaparverket, ja – St. Peter stiller seg kritisk til måten Vårherre har organisert det på. Eitkvart har nok svikta der, tenkjer han...

Noko må gjerast. Han må få med seg Vårherre ned til jorda ein tur og finne ut korleis det er fatt. Så må dei rette på det som har gange gale.

Sova får han ikkje, og etter å ha grubla lenge legg han →



til slutt saka fram for Vårherre. Den karen er ikkje vond å koma til, men uendeleg mild og god. Han gjev straks sitt samtykke:

– *Det skal bli som du ynskjer, St. Peter. Gå og gjer deg i stand til reisa, så vi kan vera på vegen før daggyr.*

Erkeengelen Gabriel

– skal vakte porten medan dei er borte, og **St. Peter** kjem med sine instruksar:

– *Ver no nøye med kven du slepp inn gjennom døra, saumfar dei nøye før du opnar. Handelsmenn bryr eg meg ikkje noko om, dei skal kjøpslå med alt og alle. Kongar og keisarar skal vi ikkje ha for mange av. Drankarar – tja – dei ser føle ut, men det er bra folk i blant, ver ikkje for streng med dei. Så har vi sjøfolk og fiskarar; dei er gjerne skikkelege folk, særleg fiskarane, då. Men teologane må du passe på – dei har så lett for å bli ueinige... Ja, ja, du finn nok ut av det, berre du er varsam. Farvel, Gabriel!*

Så skundar St. Peter seg av garde for å ordne noko i siste liten – den nyleg opphengde plakaten med opningstidene – den må ned att!

Vårherre blir ståande att litt, med ein smil om munnen.



Farvel, seier han og lyfter handa, medan engleskaren bøyer seg mot han. Gabriel står alt ved døra med nykkelen i handa og ser spørjande ut. Vårherre les i augo hans og seier langsamt og med høg røyst:

– *For alle som bankar på, skal det latast opp!*

Gabriel smiler og opnar døra på vid vegg så heile rommet vert fylt av eit strålande morgonlys.

Så er Vårherre og St. Peter i ferd med å stige ned til jorda.

Dei byrjar vandringa i sol og finver. Lufta er rein, graset grønt, blomane angar og fuglane syng – verda er berre vakker. Det tek likevel ikkje lange tida før St. Peter finn fyrste feilen. Sommarfuglane! Dei er så vakre, men alt for små, så venleiken deira kjem ikkje godt nok fram! Vårherre gjer dei straks mykje større, både i vekt og volum. Så flyg – eller skeiner – dei nyomgjorde skapningane i veg, noko tyngre i sessen enn før, og må snart kvile. Finn så fram til ein prestekrage og set seg på han – og då knekk stilken.

– *Kanskje blomane må bli større og?* undrar St. Peter.

– *Nei!* seier Vårherre. – *Det må dei ikkje! Då blir dei for grove for bøndene å slå, og kyrne greier ikkje eta dei.*

St Peter surmuler. Ein hane står og gjel i nærleiken ein stad, og hanar er det verste St. Peter veit. Snart vert han liggjande og ergre seg over dei små, ubrukelege eikenøttene som veks på svære tre, medan store, tunge melonar berre har små planter å greie seg med. Vårherre endrar straks på det. Det resulteterer sjølv sagt i at ein godt moden melon frå sin nye posisjon høgt oppi eiketreet landar med eit klask i skallen på St. Peter...

Nei, nyordningar av dette slaget gjev inga mening. Skaparverket er bra som det er og treng ikkje tuklast med. St. Peter innser det, og alt blir som før.

Med den eine tanken i hovudet at noko må vera gale, fer St. Peter av garde for å få folk i tale om kvar problemet eigentleg ligg. Fyrst då kan naudsynte endringar gjerast. Mykje blir prøvd, men med magert utfall. Ei stund er han overtydd om at berre menneska kan lesa tankane og sjå inn i hjarto åt kvarandre, vil mykje vera glort. Vårherre gjev han den evna, slik at han kan prøve ut veknaden fyrst.


St. Peter dreg såleis til byen for å proviantere. Der finn han flust av buer og butikkar, folkeliv og handel, pruting, akkederig og det som verre er, men vert støkt av all styggedommen han ser. Kjøpmennene står smilande bak diskane sine, bukkar og skrapar og byd fram det dei kallar «varer av beste slag», medan dei tenkjer:

– *deg din gamle geitebukk skal vi lure trill rundt!*

Alle vil dei snyte og bedra, eller «gjera forretning», til dømes på mugne pølser til overpris, därleg vin og brød av utblanda mjøl.

St. Peter ser rett inn i tankane deira og blir så eitrande sinna at han på flekken les dei teksten og utan nåde seier kva han meiner om dei. Nokon handel vert det ikkje, han stryk rett heim til Vårherre, både brødlaus, vinlaus og vonlaus.

Det er ille nok, det, men verre er det at han no heilt har



oftare enn den flisa bror din har i sitt!

St. Peter vert sturen og stum og må gruble ei stund att. Med eitt meiner han endeleg å ha funne løysinga:

– Det einaste menneska treng er å kunne sjå inn i framtida! Då kan dei førebu og innrette seg på det som skal koma! Vårherre har ikkje heilt sansen for den tanken, og seier:

– Men Peter, eg har gjeve dei håpet! St. Peter blæs av håpet:

– Pøh, håpet er som ei luftig sky, grip det, den som kan!

Diskusjonen endar med at St. Peter får freiste tilværet med å vera synsk – no skal dei (og han) få sjå!

Så fort han byrjar å skode inn i framtida, vert han så oppteken av ein hund, som snart skal koma til å bite han i leggen, at det tek heile merksemda hans. Han blir trøytt og svolten før dei har kome seg av garde for dagen, og foten er vorten vond før hunden har bite! Ingen problem vert løyste, berre nye avla. All von synest vera ute. Det endar med at han tryglar om at heile framtidssynsevna vert teken frå han att. Vårherre er raus, gjev St. Peter vona attende med ein smil og seier:

– Stå opp og ver som du var, St. Peter, lev i håpet no som før!

Ved eit høve står dei to vandringsmennene oppe på ei høgd og ser utover uendelege lidingar, slåssing og kriging, så St. Peter vert heilt ute av seg. Då seier Vårherre:

– Du skal ikkje slå i hel!

Noko demrar inne i St. Peter: Det er ikkje verda det er noko gale med!

Vårherre gav oss jorda ein gong, med alt som der var. Og Han gav oss ti råd, – ti reglar, – ti bod – kall det ti framifrå hjelpemiddel! Ver så god! Om ein fylgjer dei, vil det gå godt.

Så er det opp til menneska sjølve om dei vil gjera seg nytte av denne gåva som dei har fått...

Ei kald og stjerneklår natt råkar dei på ein flokk gjætarar rundt eit bål. Ein hund kjem springande mot dei med eit vennleg «voff».

– Guds fred! helsar hyrdane, rykkjer saman og gjer plass, – ver så god og sit ned, om de vil ta til takke med berre bakken!

mist trua på menneska. Han auser ut or seg for Vårherre alt han har hørt og sett av tankar, ord og gjerninga, fulle av vondskap.

St. Peter får då ein korreks av Vårherre:

– Du uroar deg mykje over andre sine tankar, men det er dine eigne du først og fremst treng å kjenne. Hugs på bjelken i ditt eige auga

Dei to nykomarane let seg ikkje beda, men set seg ned mellom dei. Snart går praten, og gjætarane fortel om dyra sine, om hunden som vaktar feet og varslar fare. Dei talar om regnet og stormen, om holer, kløfter og lune dalsøkk å søkje ly i.

Så reiser ein seg og hentar mjølk som er kokt ved elden, i ei leirpotte, ganske full. Ein annan går etter ost og brød, skjer det opp med ein blank kniv og ein tredje finn fram skåler og krus. Når dette enkle måltidet er klart, bed dei Vårherre og St Peter om å vera gjestene deira.

– Et! sa dei, og baud fram av det dei hadde. St. Peter tok i mot, velsigna dei i sitt indre og kjende han vart varm om hjarta og takksam i sinnet.

Vårherre, midt blant dei, tala mildt og såg på dei med det gode blikket sitt; ein liten krins av ekte og ærlege folk, tett og trygt saman rundt elden. Dei sat og var gode med kvarandre, unte kvarandre og glede kvarandre.

St. Peter såg alt dette – så let han att augo og såg inn i seg sjølv :

– Eg har funnne det, for det gjennom han, – botemidlet er kjærleik, det gyldne evangelium for alle slekter og alle tider, for kvart eit menneske på denne vide jord!



Segner, overleveringar og vitsar med karikerte teikningar om og av St. Peter som portvakt finst det mange av, der vi har skrata godt av stakkars som har tenkt seg inn i himmelriket, men møter ein streng St. Peter i porten. Ein nett, liten versjon av dette er ein katt med klyppekort (ni klypp!) til herlegdomen. Kan hende han – om ikkje anna – slepp inn i kyrkjebladet?

Sigrun Sørenga

ALLE KAN SYNGE

Tidleg i juni i år døydde Carl Högset, ein av dei viktigaste personane i norsk korliv dei siste 50 åra. Arbeidet hans spente frå toppkoret Grex Vocalis til dei såkalla «Alle kan syng»-kora, der menneske som aldri hadde sunge før, fekk melde seg på kurs og etter eit semester med fyrsteklasses songinstruksjon fekk synge konsert i Oslo konserthus. I samband med dødsfallet las eg eit portrettintervju med han frå 2019 der han sjølv omtala diktet *The Singers* av den amerikanske 1800-talspoeten Henry W. Longfellow. Diktet seier noko songens rolle og funksjon som sette i gang refleksjonar hos meg, og som kyrkja også kan reflektere over:

God sent his Singers upon earth
With songs of sadness and of mirth,
That they might touch the hearts of men,
And bring them back to heaven again.

The first, a youth, with soul of fire,
Held in his hand a golden lyre;
Through groves he wandered, and by streams,
Playing the music of our dreams.

The second, with a bearded face,
Stood singing in the market-place,
And stirred with accents deep and loud
The hearts of all the listening crowd.

A gray old man, the third and last,
Sang in cathedrals dim and vast,
While the majestic organ rolled
Contrition from its mouths of gold.

And those who heard the Singers three
Disputed which the best might be;
For still their music seemed to start
Discordant echoes in each heart,

But the great Master said, «I see
No best in kind, but in degree;
I gave a various gift to each,
To charm, to strengthen, and to teach.»

«These are the three great chords of might,
And he whose ear is tuned aright
Will hear no discord in the three,
But the most perfect harmony.»

Songen skal gjere menneskehjartet himmelvendt. Men korleis skjer det? Kva er det med musikken som får oss til å tenke på det himmelske? Fyrst møter vi ein ungdom som vandrar i naturen, gjennom kratt og langs elvar og syng fortryllande songar medan han akkompagnerer seg sjølv på lyre. Deretter flyttar diktet oss inn på marknadspllassen i byen kor ein skjeggete mann med djup stemme står og syng så folket kjenner seg styrka. Og så til slutt tek diktaren oss med inn i ei stor og dunkel kyrkje, der kombinasjonen av songen frå ein eldre, grå mann og det majestetiske orgelet får menneskehjarta til å bøye seg for Gud.

Så spør diktaren – kven av desse er det som syng rett? Kven er det som ivaretok musikkens og songens oppgåve – er det ynglingen, skjeggebassen på torget eller gamlefari i kyrkja? Feil spørsmål, seier Herren sjølv. Til saman dannar desse tre eit fullstendig kor. Det er, sjølv om det tilsynelatande kan verke slik, ingen disharmoni mellom dei – ulike formar for song og musikk har ulike oppgåver – songen *skal* både sjarmere, styrke og gjere oss klokare.

Musikken og songen er samansett – som livet sjølv. Diktet kan nok tolkast slik at det er den alvorlege musikken som høyrer heime i kyrkja, medan den meir oppkvikkande songen finn ein på torget og i buskene, og at til kyrkja fer ein fyrst når ein blir eldre. Men då må eg protestere. Kyrkjemusikken og salmeboka skal spegle eit vidt kjensleregister – både tekstleg og musikalsk. Frå fastetida sine alvorstunge tekstar til påskegleda, frå målannde naturskildringar om sommaren til tekstar om lys i mørket til jul, frå glede over eit nyfødt born ved dåpen til det sorgtunge ved gravferd. Og musikken skal spenne frå det lette og sjærmerande, via det langsame og mollstemte til det eksplosivt jublante.

For nokon er dette eit spørsmål om sjangerbreidde, for andre er det eit spørsmål om breidde innanfor sjanger. Det er få fasitsvar på korleis eit ideal om breidde skal forvaltast i praksis. Sjølv har eg vore oppteken av at dei ulike musikalske og tekstlege delane i ei gudsteneste skal henge saman, og vala av salmar og musikk har nok vore prega av eit ynskje om ein heilskapleg musikalsk tråd gjennom heile messa. Eg tenker at breidda blir ivaretake ved dei naturlege vekslingane gjennom kyrkjeåret, men også gjennom høgmesseliturgien. Andre vil heller tenke at ein innanfor ei og same gudsteneste bør ha ei sjangermessig breidde slik at alle som er tilstades får noko dei likar. Slike spørsmål har neppe fasitsvar, for dette handlar om kjensler meir enn intellekt, om noko som vanskeleg kan beskrivast med ord.

Uansett kva ein tenker om sjanger, stemning og alder på musikken, så er det først og fremst viktig å sygne. Eg trur vi treng det, og eg trur vi syng for lite. Mange kjenner seg usikre på å opne munnen og la tonane utfalde seg, mange er rett og slett ikkje vande ved å syng lengre. Noko av det som fascinerer meg mest med Carl Högset, er nettopp at han verkeleg trudde på songen. Sjølv om han utvikla og dirigerte eit av dei aller beste kora i Noreg, ivra han også for at *alle kan sygne*. Den same tankegangen bør kyrkja ta med seg – alle kan – og bør – sygne. Eg blir glad og berørt når eg høyrer korklang på høgste tekniske og musikalske nivå, men eg kan rørast også av var song i gravferd eller bli slått i bakken av songen av ei fullsett kyrkje – sjølv om dei siste kategoriane ikkje alltid lær like pent. Å høyre musikk og å syng sjølv taler til hjartet på ein annen måte enn berre orda åleine kan makte, og er det beste svaret kyrkja kan gi på evangeliet, dåpen og nattverden – best uttrykt av Grundtvig:


I Jesu navn, da tungen gløder
hos hedninger så vel som jøder
I Jesunavnets offereskål
hensmelter alle tungemål
I Jesu navn utbryter da
Det evige halleluja!

Are Alund

Barneside



1. Fargelegg bildet av Peter.




2. Foreldre og barn:

- A) Skriv namna på dei vaksne dyra
- B) Skriv namn på ungane og set ei line mellom dyr og barn som høyrer saman.

3		
1	2	
4	1	
		3

3. Sudoku.

Fyll inn tal i dei tome rutene, slik at det blir eit tal av kvart slag både vassbeint og loddbeint.
(tal 1 – 4)



4. DYRA HAR MISTA ROVA SI!

Set ei line frå dyr til rett rove.

Etterpå skriv du namn på dyra du kjenner att.

5. JUNIORGENIET

Er du juniorgeni? Svar på spørsmåla og finn ut!

- A) Kva heiter den feitaste delen av mjølka?
- B) Kva heiter dei små menneska som jobbar på sjokoladefabrikken til Willy Wonka?
- C) Kva for eit dyr er det tyngste som nokon gong har levd på jorda?
- D) Kva for ein by heitte tidlegare Nidaros?
- E) Kva heiter den ytste planeten i solsystemet vårt?
SVAR FINN DU EIN ANNAN STAD I BLADET!

Mykje har hendt ved kyrkjene våre i sumar ...

Endeleg fekk me gjerdehjelp!

Sondre Grythe, som tek tømrarutdanning, har hatt hovudansvaret for å få opp nytt gjerde rundt kyrkjegarden ved Øyjar. Trygve Rogn Hamre har frakta nytt og gammalt materiale.

Tusen takk til både to, resultatet vart svært bra!



Veslemøy Kvamme

Antonia, Andreas og Abel stolte eigarar av 6-årsboka!

I strålende sol og blå himmel vart det kyrkjekaffe utanfor Lomen kyrkje etter messa sundag 22. august. Då hadde vi hatt ei fin stund i kyrkja med utdeling av 6-årsbok og masse fin song og fine ord, godt leia av sokneprest Berit Kristin og Caroline Synvis på gitar. Trusoplærar Geir og konfirmantane Thelma, Linn-Beate og Ida var og med og bidro til at dette blei ei fin gudsteneste saman med klokkar Magnhild og kyrkjetenar Safet. Gunnhild og Marit hadde diskat opp med kaker, kaffe og brus frå soknerådet.

Dei av 6-åringane som ikkje kunne koma, kan få boka på kyrkjekontoret.



Slidredomen – endå finare, i endå betre stand!

I sumar har Slidre bygg gjort mykje arbeid på kyrkja. Dei store bøgevindaugo mot sør var i ferd med å løsne og vart forsvarleg festa. I tårnet var det roteskader, så her måtte dei til med lift. I tillegg vart skifertaket salmiakkvaska for å fjerne mose og slik hindre væte i å trengje inn.

Bøgevindaugo, hovuddøra og sakristidøra vart skrapa og måla oppatt av Knut Øystein Bakken.

Slidre sokneråd har kjøpt nye benkjer ute, desse er laga av Syver Kvål frå Reinli.



Utebenkjer ved Slidredomen.



Døra i Slidredomen før ...



... og etter.



Stillas ved vindauga.



Reparasjon av tårnet.



Salmiakkvask tek bort mose!



Sakristidør

Veslemøy Kvamme

Caledonia jazzband og Søraurdalkoret/Vestre Slidre sanglag, eit eventyrleg samarbeid?



Foto: Torbjørn Moen, avis Valdres

Caledonia jazzband vart stifta i 1982 i Oslo. Finn Helge Lyster hørde bandet på ein konsert i Oslo, kom i prat med dei og inviterte dei til å halde konsert i Vestre Slidre. To eller tre i bandet hadde hytte i Vestre Slidre, alle sa ja! Bandet ville gjerne samarbeide med lokalt musikkliv, og slik vart kora inviterte med. Kunne kora fylle så store sko? Truleg er svaret ja, for det har vorte sju konsertar frå 2007 til 2018. Samarbeidet har vor utbyterikt for kora, og me er ikkje så lite stolte av at bandet seier dei gler seg til konsertane i Valdres.

I oktober får de sjansen til å høyre oss igjen med eit variert repertoire, frå spirituals via Prøysen til Staut.

9. oktober i Slidredomen

10. oktober i Begnadalen kyrkje

Tidspunkt for konsertane kjem etterkvar, fylg med!

Jan Henrik Bakke, korta ned av Johanna Fuglesteg



Caledonia jazzband.

Frå venstre til høgre:

Carl Petter Opsahl (klarinett), Anders Aarum (piano, kjem dessverre ikkje til Valdres), Eyvind Engelsen (gitar, banjo, vokal), Bjørn Olufsen (trommer), Eystein Husebye (trombone), Christian Frank (bass og sousafon)

POESIKVELD

i Slidredomen i regi av biblioteket

Som ein del av VALDRES LITTERATURFEST inviterte biblioteket i Vestre Slidre til poesikveld med Åsmund Seip i Slidredomen. Seip er poet, grûnder og filmskapar. Den siste diktsamlinga hans kom ut i 2019 og heiter «HER – eller kunsten å huske hvem jeg er». I dikt og på scenen søker Åsmund Seip å utforske forholdet vi menneske har til oss sjølv, til kvarandre og til naturen – og korleis dei tre heng saman. Dikta strekkjer seg frå det nære og sårbare i kvardagskjærleiken via skogens sopptrådar til æva, samanhengen og den store stilla.

Denne kvelden framførte Seip dikt med musikk av Vjolla Emiri, ein elektronisk musiker/produsent, komponist og multi-instrumentalist med fokus på improvisasjonsmusikk i poesi, scenekunst og teater.

Dei som var her denne kvelden fekk oppleve at kyrkjerommet er flott å bruke til ulike arrangement – til noko anna enn det «tradisjonelle». Vi ønsker fleire ulike arrangement velkomne i bygga våre-og samarbeidar meir enn gjerne med biblioteket i framtida! Følg med på FB-og nett-sida til kyrkja for kunngjering av aktivitetar!

Du kan lese meir om Åsmund Seip her:
<https://www.asmundseip.no/>



Høyring om ny organisering av kyrkja

Kyrkjerådet tinga ein rapport om ny organisering av kyrkja, denne rapporten kom i vår. Eit av hovudpunktene er å få ei arbeidsgjevarlinje i kyrkja, til no har det vore to; presten er tilsett av biskopen og resten er tilsette av kyrkjeleg fellesråd. Rapporten tilrår også at me i staden for eit kyrkjeleg fellesråd i kvart prestegjeld skal ha eit kyrkjeleg fellesråd i kvart prosti. Dette er saker me skal seia noko om, sokneråda skal samlast no i oktober for å gje ei høyningsuttale. Gå gjerne inn på nettsidene til kyrkja og finn heile, eller eit samandrag av, rapporten. Alle har lov å koma med innspel. Me kjem attende med meir om dette!

Johanna Fuglesteg

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leifar og kurs. Friviljuge lag og organisasjoner som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søknadar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

SVAR på oppgåvene på side 9:

2. Hest - fole, Ku - kalv, And - andunge, Sau - lam, Geit - killing /eller kje.
3. 4 2 3 1
3 1 2 4
1 3 4 2
2 4 1 3
4. Sjiraff, løve, ape, elefant, slange, krokodille.
5. A) Fløyte, B) Umpa Lumpaer, C) Blåkvalen, D) Trondheim, E) Uranus

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Mars – august 2021

Jordfesta	Lomen sokn:	09.04 Eivind Gunnar Myrhe	f. 1938 (Urne)
	Røn sokn:	21.04 Kristine Totlandsdal	f. 1923
		25.06 Sigrid Gjertrud Strømmen	f. 1928
		30.06 Ola Ivarson Søndrol	f. 1940
		23.07 Ingrid Amalie Ristebråten	f. 1931
		06.08 Jon Mangschou	f. 1947
	Slidre sokn:	23.02 Torgeir Nygård	f. 1948 (Urne)
		23.04 Knut Hjelle	f. 1939
		19.05 Gudveig Bakken	f. 1927
		11.08 Guri Moe	f. 1944
		20.08 Martin Saxegård Olsen	f. 2003
Døypte	Lomen sokn:	08.08 Saga Frengen Storhaug (på Syndinstøga)	
		12.09 Olav Vinther Nesja (Lomen stavkyrkje) (busett i Tønsberg)	
	Slidre sokn:	21.03 Emma Steindebakken Lahaug	
		04.04 Jørgen Rødningen Madsen	
		23.05 Gabrielle Louise' Ayon Kristiansen	
		30.05 Hugo Myrvold Haugrud	
		25.07 Tilde Lofthus Volden (Mo kyrkjeruin)	
		31.07 Liam Veisene-Kjørstad	
		08.08 Sebastian Juvet-Haugen	
		28.08 Samuel Martin Groth	
Vigde	Lomen sokn:	05.06 Margunn Hålien og Jostein Solsten (Lomen stavkyrkje)	
		17.07 Jeanett Haugen og Carl Fredrik Bye Rusten (Lomen stavkyrkje)	
	Slidre sokn:	27.03 Gudny Hunhammer og Ola Haugrud	
		05.06 Tove Hydle og Anders Kvissel (busett i Gjøvik)	
		18.06 Kristin Bråten Tvenge og Kjetil Hamre	
		31.07 Katrine Veisene og Øyvind Kjørstad	
		28.08 Synne Osaland Hådem og Didrik Kalve Strand (Mo kyrkjeruin) (busett i Tønsberg)	

Sokneråd og fellesråd 2019 – 2023

Lomen:

Torunn Kjøs, leiar
Per Olav Eide
Gunnhild Elverum
Gullik Stee
Line Neståker Aastad
Marit Kårstad

Slidre:

Toril Olvik, leiar
Anne Karin Ruud Truberg
Aslag Hamre
Kai Ole Ødegaard

Robert Pedersen
Ivar Haugrud
Liv Berge

Røn:
Stein Ivar Sørensen, leiar
Johanna Fuglesteg
Marianne Tuvmarken
Ingunn Snortheimsmoen
Gunnvor Hambro
Knut Lagrud
Jan Erik Lisjordet

Kyrkjeleg fellesråd:

Marianne Tuvmarken, leiar
Torunn Kjøs
Per Olav Eide
Johanna Fuglesteg
Toril Olvik
Kai Ole Ødegaard
Veslemøy Kvamme, kyrkjeverje
Berit Kristin Klevmoen, sokneprest
Odd Ivar Sørensen, kommunestyre-representant

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og facebookside!

Dato	Dag	Tid	Stad	Prest
SEPTEMBER				
26.09	18. s i treeiningstida	11.00	Røn – hausttakkefest og 4-årsbok	Carl Philip Weisser
OKTOBER				
03.10	19. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen – presentasjon av konfirmantar 2022	Berit Kristin Klevmoen
10.10		Frihelg		
17.10	21. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen	Berit Kristin Klevmoen
24.10	22. s i treeiningstida	11.00	Lomen	Berit Kristin Klevmoen
31.10	Bots- og bønedag/ Reformasjonsdagen	11.00	Røn – Lys vaken	Berit Kristin Klevmoen
NOVEMBER				
07.11	Helgemess	11.00	Slidredomen	Berit Kristin Klevmoen
14.11		Frihelg		
21.11	Kristi kongedag	11.00	Lomen	Berit Kristin Klevmoen
28.11	1. s i advent	11.00	Røn – Juleverkstad i kyrkjestogo etter gudstenesta	Berit Kristin Klevmoen
DESEMBER				
05.12	2. s i advent	18.00	Slidredomen – Tårnagentdag	Berit Kristin Klevmoen
12.12	3. s i advent	11.00		Berit Kristin Klevmoen
19.12		Frihelg		
24.12	Julafstan	14.00	Lomen	Berit Kristin Klevmoen
24.12	Julafstan	15.00	Slidredomen	Berit Kristin Klevmoen
24.12	Julafstan	16.00	Røn	Berit Kristin Klevmoen
25.12	1. juledag	11.00	Slidredomen	Berit Kristin Klevmoen

Lys vaken:

30. – 31. oktober blir 6. klassingar inviterte til eit opplegg med overnatting i kyrkja og deltaking på gudstenesta sundagen.

Tårnagentdag:

5. desember blir 3. klassingar inviterte til eit opplegg med fokus på kykklokkekene og deltaking på lysmassa om kvelden.

Invitasjonar blir sende i posten!

På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

Støtte til prosesjonskross og nye benkjeputer i Røn Kyrkje

Røn sokneråd ynskte pengar til desse to føremåla, og responsen har vore svært god!

Me har fått tilskot frå:

Ingebjørg Fosheim Berg
Stein Ivar Sørengen
Maskinentreprenør Magne Tuvmarken

Brennabu AS
A/B Mur
EMB Maskin AS v/Erik Martin Berge
Geir Egil Strømmen
Fosheim Sag AS
Røn VVS
Hambro Bygg A/S
Ellen Fosheim

Hjarteleg tusen takk til alle saman! Me kjem tilbake med bilete når alt er på plass.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope måndag – torsdag fra 09.00 – 15.00.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Berit Kristin Klevmoen	61345052 93231814	Sokneprest	bk788@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslien	61345098 92887778	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	

Are Alund har permisjon, og situasjonen er ikkje avklara. For tida arbeider kyrkjekontoret med å finne gode vikarar.

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



God haust frå redaksjonen i kyrkjebladet!

Hugs: Du kan koma med innspel, kommentarar og idear til kva me kan ha med i kyrkjebladet på vskyrkjeblad@gmail.com.

Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørensen, Anne Karin Ruud Truberg,
Per Olav Eide, Are Alund og Veslemøy Kvamme



Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.



SEKSKANTEN
KRO OG PUB - ved Vasetvatnet



Servering og hytteutleie på Vaset, Åpent hele året.
Bertill selskap, bryllup, kurs m.m hos oss!
Vi skreddersyr etter ders ønsker!
Velkommen!